




ÅL KOMMUNE

Tertialrapport – 1. tertial. 2021



Til: Formannskapet
Frå: Rådmannen
Dato: Til handsaming i formannskap 7. juni. 2021

Innhald

1. Rådmannen si oppsummering og prognose for året
2. Status på fokusområda
3. Budsjett vs. rekneskap på ulike nivå i ulike rapportar
4. Viktige inntekts- og utgiftsposter
5. Investeringsprosjekt
6. Oppfølging politiske vedtak
7. Sektorleiar sine tertialsrapportar (inkl. Hallingdal Barnevern)

1. Rådmannen si oppsummering



Bakgrunn:

Rapportering på dei ulike nivå er viktig for å ha styring på økonomien. Fokus er på avvik, målsetjing og prognose for balanse både tertialvis og årleg.

Oppsummering:

Fyste tertial i 2021 er stadig prega av Covid-19 pandemien. Vi er i «full» gang med å vaksinere samtidig som smittevern og TISK arbeidet går for fult. Ål kommune har hatt store utgifter – spesielt til dette arbeid og til auka bemanning i helse og oppvekst. Vi har til nå fått ca. 3,8 millionar ekstra gjennom rammeoverføring og skjønnsmidlar. Det er vanskeleg å stadfeste eit årleg meir/mindreforbruk på nåverande tidspunkt – men vi følg nøye med.

Samla lønsutgift er viktig å følgje. Løn og sosialeutgifter synar eit forbruk på ca. 37% pr. fyrste kvarta, noko som er over «normalen» i høve til eit jamt årsforbruk som er budsjettert (36%). Vi ser at tenester til barn og unge – både i helse og i oppvekst – aukar markant. Det er ein utvikling som har vert varsla, som nå er i utvikling.

Ål kommune har sviktande inntekter på skatt og i enkelte avdelingar – spesielt er kulturhuset ramma av stenging og restriksjonar i pandemien. Utviklinga for skatt og rammeoverføringar må vi følgje med på fram mot 2. tertial – det er for tidlig å konkludera med eit årsresultat pr nå. Elles er inntektene til kommunen er stort sett i rute i høve til budsjett, avvik er forklart under punkt 3. og 4. Ein del avvik på andre utgifter og inntekter skuldast i hovudsak periodisering og vil jamne seg ut til neste tertial.

Samla sett er rådmannen nøgd med den økonomiske situasjon for Ål kommune etter fyste tertial. Eg er meir bekymra for den påkjenning 14 månadar med unntakstilstand er for kommunens innbyggjarar og dei tilsette.

Eg vil takke kvar enkelt for innsatsen og for den optimisme og evne til å halde ut som eg møter overalt i Ål kommune.

2. Status på fokusområda

Medarbeidar og organisasjon:

Sjukefråvær:

Legemeldt 1.tertial 2021 : 7,4 %

Legemeldt 1.tertial 2020 : 8,3 %

Første tertialet visar et høy legemeldt sjukefråvær som en følge av karantene og sjukemeldingar knyttet til covid-19.

Økonomi: Mål på økonomi er gjennomgåande på alle nivå og alle einingar i kommunen.

Mål 1

Budsjettramma pr. tertial og pr. år blir halde

Løna ligg nesten i tråd med budsjettet for 1.tertial.

Mål 2.

Avdelingane rapporterer i samsvar med årshjulet

Rapporteringa er presis og grei. KOSTRA er rapportert innan fristen.

Mål 3.

Økonomirutinane er effektive og rasjonelle

Det blir jobba kontinuerleg med effektivisering av arbeid og mogleg innsparingstiltak.

Mål 4.

Fondsavsetningane er større ved neste årsskifte

Rekneskap er avslutta i balanse etter ny kommunelova. Det var budsjettert bruk av disp.fond på kr. 11,3 mill. i 2020, medan i årsavlutningen ble det brukt kr. 1,8 mill.

3. Budsjett vs. Rekneskap

Tabellen under visar utgifter og inntekter for heile kommunen for perioden januar til april.2021.

	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
	2021	2020	forbruk	2020	2020	forbruk
10 Løn inkl sosiale utgifter	144 231 696	392 466 000	37	139 759 195	392 466 000	36
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	33 411 149	82 463 209	41	36 185 806	82 463 209	44
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter	33 020 747	61 136 247	54	30 809 215	61 136 247	50
14 Overføringer	13 987 238	29 420 005	48	13 557 202	29 420 005	46
15 Finansutg	7 832 379	111 905 778	7	9 763 305	111 905 778	9
Sum utgifter	232 483 209	677 391 239	34	230 074 723	677 391 239	34
10 Løn inkl sosiale utgifter	-4 503 577	0	0	-5 269 309	0	0
16 Salgsinnt	-30 271 266	-71 811 000	42	-25 121 579	-71 811 000	35
17 Refusjoner	-14 547 225	-120 189 225	12	-12 173 373	-120 189 225	10
18 Overføringer	-131 998 217	-358 389 100	37	-132 181 376	-358 389 100	37
19 Finansinnt	-406 852	-127 001 914	0	-29 494	-127 001 914	0
Sum inntekter	-181 727 137	-677 391 239	27	-174 775 131	-677 391 239	26
TOTALT	50 756 072	0	0	55 299 592	0	0

- 10 Løn er høgare enn i fjor, men innan for forventa forbruk for perioden (36%). I juni utbetalast ikkje vanlege løn, men feriepengane og variabelt løn. Difor blir et positivt avvik frå junimånad. Resultatet frå lønsoppgjer og føringar i kommuneproposisjonen vil bety mykje for korleis den økonomiske utviklinga blir resten av året.
- 11 Ein del lisensar og forsikringar er betalt tidleg på året. Ein del utgifter pga. Korona. Verneutstyr, materiell, inventar, spesialutstyr og anna utstyr visar ein auke.
- 13 Avviket skuldast barnevern teneste.
- 14 Avviket skuldast momsutgifter som ikkje er budsjettert. Har ein inntektssida også.
- 15 Avviket skuldast avskrivningar. Desse bokførast i desember.

- 16 Avvik på inntektene gjeld ein nedgang i diverse avgiftsfrie sals-og leigeinntekter, billettinntekter (kino).
- 17 Sjukepengerefusjonar kjem løpende og kan ta opp til to månader å få dei på den respektive perioden. Refusjon for ressurskrevjande brukar kommer seinare.
Fleire refusjonar frå andre kommunar vedr. samarbeid er sendt ut seinare samanlikna med fjoråret. Hallinghelse, PPT, interkommunal legevakt m.a. er ikkje med i 1.tertial. IMA er fakturert i mai.
- 18 Frie overføringar er som forventa. Her ligg skatt og ramme og integreringstilskot.
- 19 Avviket på finansinntekta skuldast at bruk av fond, motpost for avskrivningar først i periode.

4. Viktige inntekts- og utgiftspostar

Utgifts- og inntektsdrivarar	Pr. 1. tertial 2021	Budsjett pr.år	Pr. 1. tertial 2020	Merknad
Skatteinntekt	52 211 937	153 858 574	52 319 359	kr. 107 422 lågare enn 2020
Rammetilskot	64 851 599	151 626 000	59 488 983	kr. 5,3 mill. høgare enn 2020
Eigedomsskatt næring (gamle verk og bruk)	12 734 529	24 200 000	12 503 423	kr. 231 106 høgare enn 2020
Eigedomsskatt annan fast eigedom	6 441 796	12 150 000	6 284 186	kr. 157 610 høgare enn 2020
Integreringstilskot	1 791 625	8 411 500	589 000	kr. 1,2 mill. høgare enn 2020
Fast løn	99 265 624	270 058 898	96 055 119	kr. 3,2 mill. høgare enn 2020
Sosiale ytingar	13 328 919	35 619 000	13 132 387	kr. 196 535 høgare enn 2020
Pensjonskostnad	13 199 646	42 832 000	12 869 910	kr. 329 736 høgare enn 2020
Kraftinntekt/overføring frå Ål kraftverk		19 500 000		kr. 29,5 mill. i 2020

SKATTEOPPGJØR 2020 - ÅL KOMMUNE										
	INNGANG	INNGANG	INNGANG	INNGANG	INNGANG	INNGANG	INNGANG	%BUDSJ.	DIFF.	DIFF.
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2021	FORRIGE ÅR	%
Januar	12 616 719	13 529 625	14 575 198	15 466 543	15 866 039	16 506 209	16 278 267	10,58	-227 942	-1,38
Februar	6 288 053	6 335 503	5 818 453	6 027 774	6 964 301	7 326 392	5 468 187	3,55	-1 858 205	-25,36
Mars	17 769 066	18 991 913	20 252 468	20 588 699	21 132 821	21 768 286	24 422 994	15,87	2 654 708	12,20
April	6 401 618	6 035 253	5 771 528	5 996 670	6 969 381	6 718 471	6 042 488	3,93	-675 983	-10,06
Mai	19 304 831	21 915 365	22 465 227	24 376 903	23 879 569	20 225 991		0,00	-20 225 991	-100,00
Juni	1 692 844	1 591 918	1 433 488	799 120	595 772	1 884 637		0,00	-1 884 637	-100,00
Sum 1. halv år	64 073 131	68 399 577	70 316 362	73 255 709	75 407 883	74 429 986	52 211 936	33,94	-22 218 050	
Juli	12 837 345	13 175 124	13 741 966	14 442 326	15 361 390	17 060 746		0,00	-17 060 746	-100,00
August	1 308 425	2 067 181	2 588 278	1 355 484	1 482 349	1 974 262		0,00	-1 974 262	-100,00
September	19 162 172	21 089 355	22 298 868	22 902 560	24 230 312	23 497 484		0,00	-23 497 484	-105,38
Oktober	-1 053 451	1 505 893	-340 192	2 382 413	-2 447 176	1 408 505		0,00	-1 408 505	414,03
November	21 935 032	22 182 416	28 752 322	26 286 760	31 350 159	21 759 861		0,00	-21 759 861	-75,68
Desember	1 700 513	927 023	1 069 256	956 137	639 400					0,00
Sum 2. halv år	55 890 036	60 946 992	68 110 498	68 325 680	70 616 434	65 700 858	-	-	-65 700 858	
Totalt - år	119 963 167	129 346 569	138 426 860	141 581 389	146 024 317	140 130 844	52 211 936		-87 918 908	
Budsjett	117 000 000	123 000 000	127 600 000	131 027 000	140 192 000	148 831 000	153 858 574			

Tabellen under visar sum bruk på avdelingane pr.1.terial. 2021. Administrasjonen vil sjå nærare på bruken til dei som har brukt meir enn 33 % av budsjettet etter fyrste Dei fleste større forbruk har ein naturleg forklaring som ikkje utan vidare medfører årleg budsjettsprekk.

Avdeling		Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap
		2021	2021	forbruk	2 020
1010	Rådmann	2 594 052	9 928 192	26	3 250 587
1011	Hallinghelse	755 546	727 234	104	1 662 231
1020	Personalsjef	2 847 888	7 229 000	39	1 799 693
1050	Servicetenester	2 809 086	8 418 135	33	3 198 967
1060	EDB-konsulent	4 204 797	10 928 809	38	4 130 674
1090	Felles barnevern - Hallingdal	20 686 174	9 532 500	217	20 024 263
2000	Oppvekstleiar	1 607 440	5 240 000	31	1 690 728
2010	PPT for Ål og Hol	2 220 674	3 362 000	66	300 029
2020	Barnehagar - felles	12 028	937 000	1	61 882
2021	Nordbygdane barnehage	1 336 570	3 843 000	35	1 266 487
2022	Skattebøl barnehage	1 358 910	3 511 000	39	1 586 137
2023	Sundre barnehage	4 668 650	13 274 000	35	5 056 616
2024	Torpo barnehage	1 422 978	3 517 000	40	1 420 685
2025	Sando kommunale barnehage	1 488 623	4 015 000	37	1 459 072
2030	Skular - felles	1 379 272	5 487 000	25	1 418 112
2031	Nordbygdene skule	3 503 165	7 608 000	46	3 372 581
2032	Nedre-Ål skule	9 335 799	18 372 000	51	9 023 496
2034	Skattebøl skule	2 760 270	5 925 000	47	2 513 627
2035	Torpo skule	3 486 634	7 185 000	49	3 432 565
2037	Ål ungdomsskule	10 480 533	22 370 000	47	10 199 685
2050	Musikk- og kulturskule	1 488 776	2 669 000	56	1 289 087
2060	Leirskule	143 418	0	0	32 354
2080	Helsestasjon	1 380 275	3 792 000	36	1 780 391
2090	Innvandrartenesta	1 888 228	6 162 000	31	2 574 244
2999	Oppvekst øymerka midlar	-854 959	0	0	0
3000	Sektorleiar helse- og omsorg	3 721 455	-7 130 371	-52	2 344 304
3010	Intermediær avdeling	4 798 120	4 892 000	98	4 674 562
3020	Legeteneste	3 642 304	10 173 000	36	3 996 098
3021	Interkommunal legevakt	2 561 285	3 030 000	85	3 101 763
3030	Ergo-/fysioterapi	2 555 756	8 048 000	32	2 902 065
3040	NAV	978 833	6 400 919	15	244 978
3050	Stugu	9 024 749	27 493 000	33	10 103 050
3060	Tunet/natt	3 387 122	8 740 000	39	3 443 638
3070	Tunet/natt	3 796 048	11 147 000	34	3 823 088
3080	Miljøterapiavdeling 2	7 426 216	17 904 000	41	7 415 344
3090	Miljøterapiavdeling 1	7 912 843	17 232 000	46	6 525 928
3100	Psyiskisk helse og rus	3 472 690	9 217 000	38	3 475 671
3120	Heimetenesta	13 091 661	27 737 000	47	9 147 852
5000	Kultur	2 231 246	3 649 000	61	1 982 858
5010	Kulturhus	1 463 855	7 130 500	21	2 795 900
5030	Bibliotek	1 001 477	2 990 000	33	1 071 753
6000	Drift og utvikling	9 202 217	6 908 813	133	7 571 320
6010	Veg og park	4 740 955	17 494 400	27	5 203 305
6020	Utvikling	4 628 342	15 099 186	31	6 072 045
6030	Reinhald	4 933 604	13 844 000	36	5 066 669
6040	Byggforvaltning	5 251 911	14 336 000	37	5 621 185
6050	Vedlikehald kommunale bygg	1 185 807	11 295 000	11	1 680 297
	T O T A L T	184 013 323	401 663 317	46	180 807 866

Budsjetteining	Merknad
Hallinghelse	Ein del av utgifter finansierast med fond seinare.
Felles barnevern	Refusjonskrav for 1. tertial er ikkje med
Oppvekstsektor	Ein del ekstraavgifter pga. Korona
Musikk og kulturskule	Faktura for 1. halvår blir sendt i mai
Innvandrarantenesta	Manglar ein del refusjonar
Sektorleiar helse- og omsorg	Tilskot ressurskrevjande brukar kjem i slutten av året
Interkommunal legevakt	Refusjonskrav for 1. tertial er ikkje med
Kultur	Dei fleste tilskot er utbetalt for heile året og det er inntektsstap pga Korona.
Drift og utvikling	Ål sin del til Hallingdal brann og redningsteneste for heile året er utgiftsført
Byggforvaltning	Nokon store utgifter som forsikringar, kommunale avgifter blir belasta rekneskapen 1. tertial.

5. Bruk på investeringsprosjekt – rekneskap vs. budsjett

Nr	Prosjekt	Regnskap 2 021	Buds(end) 2 021	Avvik(per.)
3	Møbler til Stugu	0	400 000	400 000
5	Vognsku Sundre barnehage	63 664	119 000	55 336
6	Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva	0	2 000 000	2 000 000
13	Næringstomter Wangen Torpo	473 996	18 734 000	18 260 004
20	Helsehuset - ventilasjon	0	600 000	600 000
21	Landmålarutstyr	0	150 000	150 000
22	Ål idrettshall, nytt låsesystem	0	300 000	300 000
23	Idrettshall renovering av golv	0	600 000	600 000
28	Utsifting læremiddel	0	250 000	250 000
32	Branntrygging	37 808	1 100 000	1 062 192
40	Oppussing Nedre Ål skule	528 067	2 000 000	1 471 933
43	Omsorgsbustader unge funksjonshemma	0	1 800 000	1 800 000
48	Oppgradering kinoutstyr, nytt lerret og kinomaskiner	0	1 935 000	1 935 000
50	Overvaking Rødungen RA, Bergsjøstølen PS, Slakteplassen PS	0	750 000	750 000
66	Trafikksikring/Trafikk	91 833	2 084 000	1 992 167
72	Leikeapparat skule/barnehage	0	250 000	250 000
87	IKT-utstyr oppvekst	78 698	820 000	741 302
92	Renovasjonspunkt	29 600	1 876 000	1 846 400
95	Velferdsteknologi	0	805 000	805 000
96	Bilar helse/sosial	559 640	1 248 000	688 360
103	Ål kulturhus utbygging	85 448	635 000	549 552
111	Etableringslån/startlån	473 843	0	-473 843
112	Sambinding gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget	0	1 500 000	1 500 000
116	Godstugu, renovering avtrekksaggregat og varmvatn	0	200 000	200 000
121	Overføringsledning Votndalen	5 469 820	7 156 000	1 686 180
124	Renovering av leiligheter Brattebakken	309 810	1 526 000	1 216 190
125	Utsifting av maskiner veg og park	3 120 000	3 000 000	-120 000
126	Gateljos	0	300 000	300 000
127	Turveg Oppsjø	0	730 000	730 000
130	Tilrettelegging budstad ein brukar	0	3 500 000	3 500 000
132	Prestegardsjordet- avd.miljøterapi	0	400 000	400 000
133	Sentrumsutvikling	0	580 000	580 000
137	Oppussing av Leveld skule og ventilasjon	0	900 000	900 000
138	Varmeutveksling Ål ungdomsskule	0	750 000	750 000
140	Rehabilitering hovudledning Bekkefare	0	3 000 000	3 000 000
141	Fellespott utstyr/inventar	0	900 000	900 000
171	Asfaltering/vegvedlikehald	0	1 950 000	1 950 000
172	Rehabilitering vatn/kloakk	0	3 905 000	3 905 000
174	Grunnkjøp	2 875	200 000	197 125
176	IKT Helse og sosial	0	325 000	325 000
181	Sundre bhg, ventilasjonsaggregat vestre bygg låven	0	200 000	200 000
	T O T A L T	11 325 102	69 478 000	58 152 898

Kommentar til investeringar: Eiga sluttmelding kjem til politisk handsaming der prosjekta går over fleire budsjettperiodar. Restramme frå 2020 ble handsama i egen sak mars.2021.

6. Oppfølging politiske vedtak

Sjå rapportane frå sektorane.

Sektorane sine tertialrapportar

Frå ansvarsområde: **Helse og omsorg, 3000-3120**

Resultatansvarleg: Borghild Ulshagen

Tertial: **1. tertial. 2021**

Oppsummering

Helse- og omsorgssektoren har også denne perioda vore prega av Covid-19. Sektoren er i konstant fagleg beredskap i samband med pandemien. Nasjonale føringar og lokale tiltak forandrar seg raskt, ofte frå veke til veke. Tross lite smitte, er det pågåande og kontinuerleg pandemiarbeid i nivå og alle avdelingar. Kommuneoverlegen brukar det meste av sin 50 % stilling i pandemiarbeid.

Sektoren melder om merkbar slitasje i avdelingane, og det er difor initiert ulike ROS-analyser på leiarnivå og avdelingsnivå. HR- avdelinga gjennomførte medarbeiderundersøking. Sektoren scora godt tross hektisk pandemiarbeid.

Det skal vere låg terskel for melde seg sjuk når moglege covid-symptom oppstår hjå tilsette eller deira familiemedlemmar. Dette er ein krevjande situasjon å handtere for arbeidsgjevar, og skapar utfordringar med å dekke vakter i avdelingane. Vikarbruken i sektoren er dermed høg.

I januar starta Covid-19 vaksining av alle inne liggande pasientar, Nigarden og Uppigarden samt alt helsepersonell. Sektoren har sjølv teke ansvar for denne vaksininga for inneliggande brukarar og tilsette. Helsestasjonen organiserar vaksinasjon for innbyggjarar etter prioriteringsliste. Auka press og reduserte ressursar har ført til at fagansvaret for helsestasjonen vart overført midlertidig til helsesektoren frå april til i fyrste omgang september. Helsesektoren bidreg i stor utstrekning med å bidra med sjukepleiarressursar til vaksining og koordinering. Dette er tenester utanfor ramma. Frivilligtenesta har også vore ein god samarbeidspart.

Testarbeid, smittesporingsarbeid og koordinering av vaksining har vorte gjennomført på ein framifrå måte frå legekontoret, men krev tid og ressursar.

Psykisk helse signaliserar auka bekymring over born og unge med psykisk utfordringar som følgje av nedstenging, lite sosial omgang og heimeskule. Psykisk helse har tett kontakt med skulane, born, unge og foreldre,- og bidreg inn i nærmiljøet der dei kan.

Behov for nye avlastingstiltak særskilt blant born og unge i miljøterapi tenesta aukar, og fleire brukarar med omfattande hjelpebehov har kome til. Dette er tenester utanfor ramma.

Nigarden har brukarar med eit aukande tenestebehov som ikkje svarar til bemanninga. For å gje faglege forsvarlege tenester har det vore nødvendig å styrke med tilleggsressursar. Dette ligg ikkje innanfor ramma.

Sektoren fekk ny avdelingsleiar i heimetenesta, Marie Skråmestø, i mars. I Avd miljøterapi har Karin Redalen gått av med pensjon etter mange års god teneste. Det er sett inn ein ass. avdelingsleiar i ei prosjektperiode mens ein ser nærare på funksjonsinndeling og organisering.

Koronapandemien har påført sektoren nye og endra arbeidsoppgåver,- og har ført til og utvida bruk av vikarar. Den største utfordringa i 1.tertial er generelt lønn og høge utgifter til beredskapsarbeid og vikarbruk, i tillegg til ekstrautgifter til enkeltbrukarar i fleire av tenestene våre.

Både leiarar, tilsette, tillitsvalte og samarbeidande sektorar må rosast for høg fleksibilitet, kreativitet og innsats i ei krevjande tid. Helse-og omsorgstenester som er gjeve har vore av god kvalitet.

Som fylgje av den nevnte utviklinga i tenestebehov er Kommunalsjefen sterkt bekymra for om sektoren vil klare å halde seg innan tildelt ramme i 2021.

H	Grp Ansvar: 3 Helse & Sosial	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter	51 122 485	148 490 000	34	48 449 319	149 909 000	32
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	7 509 893	10 913 000	69	6 945 150	11 239 000	62
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatte	14 554 087	28 750 629	51	13 198 754	27 367 000	48
14	Overføringer	738 943	3 844 919	19	776 949	4 227 740	18
15	Finansutg	9 220	649 000	1	5 149	632 000	1
	Sum utgifter	73 934 628	192 647 548	38	69 375 322	193 374 740	36
10	Løn inkl sosiale utgifter	-2 048 321	0	0	-1 355 651	0	0
16	Salgsinnt	-3 700 397	-10 430 000	35	-3 686 458	-13 030 000	28
17	Refusjoner	-2 566 980	-44 012 000	6	-2 136 524	-41 360 000	5
18	Overføringer	-9 220	0	0	-1 005 149	0	0
	Sum inntekter	-8 324 919	-54 442 000	15	-8 183 783	-54 390 000	15
	Sum h Grp Ansvar: 3 Helse & Sosial	65 609 709	138 205 548	47	61 191 539	138 984 740	44

Rekneskap i høve til budsjett:

Budsjettposter med vesentlige avvik i høve til budsjett vert kommenterte under.
(Matematisk forbruks-% på lønn (dei fleste utgifter) pr. 30.04.21 er 34 %)

Noter til rekneskapet:

1. Sektoren har høgare forbruk på løn enn tilsvarende tid i 2020. Vi har høge utgifter til enkeltbrukarar. Utgifter til avlasting er sterkt aukande og omsorgslønn ligg også høgt.
2. Høgare beleggsprosent fører til at IMA utgiftene har gått i positiv retting i 1. tertial 2021. Utgifter til vikarbyrå ligg i kontoklasse 11.
3. BPA og erstatningstenester ligg høgare enn budsjettert. Overføringer er ikkje jamt fordelt men periodisert.
4. Refusjon kostnadskrevjande brukarar vert ikkje ført før i desember. Refusjonsordninga har stadig strengare kriterier og høgare innslagspunkt.
5. Refusjonar/oppgjer på interkommunale tiltak blir overført seinare på året.

Avvik frå normal drift

Helse og omsorgssektoren kjenner auka påtrykk på helse- og omsorgstenesta i alle avdelingar. Det blir meldt om nye behov for omfattande tenester til einskildbrukarar. For å halde fagleg forsvarleg drift er sektoren avhengig av vikarar. Sektoren klarar ikkje drifta utan den 6. nattevakt. Denne ligg ikkje inne i ramma. Koronaepidemien påfører utgifter til beredskap, vaksiner, vikarbruk og utforming av eit forsvarleg tenestetilbodet.

Beleggsprosenten på IMA har dette kvartalet gått opp og er no på gjennomsnittleg 81 % i april – Det er godt nytt for Ål som vertskommune. For at budsjettet for IMA går i balanse bør beleggsprosenten vere 82 %.

Oppfølging av politiske vedtak

Alt er i rute.

Frå ansvarsområde: **Oppvekst 2000-2090**

Resultatansvarleg: Vegar Hoel

Tertial: **1. tertial. 2021**

Oppsummering

2020 starta med at Ål vaksenopplæring flytta inn i nye lokale i Ål kulturhus. I 2021 var også innvandrartenesta flytta inn i kulturhuset og samlokalisert med VO. Oppvekst har to avdelingar på kulturhuset, kulturskulen og Innvandrartenesta.

Barnehagar, skular og hjelpetenestene er med i det regionale prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Prosjektet har gått over to år og skal vidareførast i to nye år.

Skulene fekk eit opphald i implementeringa av ny læreplan i 2020. Me har begynt, men har ikkje kome så langt som me hadde som mål. Skulane no har fokus på Fagfornyninga i 2021. Samarbeidet for kompetanseutvikling i samarbeid med høgskulen på Vestlandet har gått sin gang. Skulene har fokus på ny læreplan.

Helsestasjonen mottok prosjektmidlar til to prosjekt. Styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta og til foreldrerettlegeing. Det siste prosjektet i samarbeid med Innvandrartenesta. Totalt utgjør dette om lag 100 % stilling.

Pr. 18.05.2021 er det født 15 barn i Ål, og prognosane framover viser 11 stk. termin. I 2020 vert det født 38 barn.

I tilsettingsarbeidet opplever sektoren at det blir er krevjande å rekruttere fagfolk, særleg til pedagogiske stillingar og leiarstillingar. Me ynskjer oss fleire kvalifiserte søkjarar. Men så langt er me godt nøgd me tilsettingar i lærar- og barnehagelærarstillingar og leirstillingar i skulene.

Drift av oppvekstsektoren i 2021 har vore prega av strenge tiltak for smittevern. Særleg har det lagt strenge føringar for gjennomføring av kurs og møteverksemd i sektoren. Me har måtte pause arbeidet med Thomas Koefoed blant anna.

Me reknar me oppstart til nytt barnehage- og skuleår. Stor honør til alle tilsette i oppvekstsektoren for det arbeidet som no er lagt ned. Samtidig blir det meldt om at tilsette er slitne, det er bekymringar rundt vikarsituasjonen.

Barnehagane har hatt opningstid redusert frå 07.00- 17.00 som er ordinær opningstid til 07.30-16.00.

Det har vore heilt naudsynt for å få peronalkabalen til å gå opp og sikre ungane eit godt pedagogisk tilbod i opningstida. Situasjonen med Covid-19 pandemien gav tilsette i oppvekstsektoren heilt nye utfordringar.

Det kom nasjonale smitterettleiarar som skulle fylgjast og dette har skapt mange spørsmål og utfordringar med organisering av barn og elevar i kohortar og reinhald av leiker og utstyr. Dei tilsette har vist stor vilje til tilpassing og fleksibilitet.

Rekneskap i høve til budsjett:

H	Grp Ansvar: 2 Oppvekst	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter	52 167 699	127 158 000	41	51 624 403	131 169 000	39
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	2 854 564	7 390 000	39	3 173 280	7 438 000	43
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	-80 920	750 000	-11	0	750 000	0
14	Overføringer	405 239	350 000	116	489 605	402 999	121
	Sum utgifter	55 346 581	135 648 000	41	55 287 288	139 759 999	40
10	Løn inkl sosiale utgifter	-1 859 675	0	0	-2 364 774	0	0
16	Salgsinnt	-2 562 860	-8 012 000	32	-1 963 425	-7 969 000	25
17	Refusjoner	-1 900 691	-11 687 000	16	-2 522 369	-12 627 000	20
19	Finansinnt	0	0	0	1 000	0	0
	Sum inntekter	-6 323 227	-19 699 000	32	-6 849 568	-20 596 000	33
	Sum h Grp Ansvar: 2 Oppvekst	49 023 355	115 949 000	42	48 437 721	119 163 999	41

Kommentar til rekneskapet

Etter 1. kvartal bør lønsbudsjettet vere på om lag 36 %, og totalt forbruk på 33 %. Forbruk på begge dimensjonane etter 1. tertial er litt for høgt. Avdelingane i oppvekst må vere merksam på dette og prøve justere seg inn så godt dei klarar.

Ein del refusjonar er ikkje kome inn i rekneskapet for 1. tertial. Det manglar m.a. sjukelønsrefusjon, refusjon for gjesteelevar og for norskopplæring. Refusjon i samband med PPT for Ål og Hol er heller ikkje kome inn i rekneskapet. Det same gjeld ulike prosjekt som blir finansierte frå andre instansar.

Sektoren har høgare forbruk på løn enn tilsvarende tid i 2020. Me har høge utgifter til enkeltbrukarar. Me har fleire elevar som krevjar ressursar og personell.

Oppfølging av politiske vedtak

Rådgevar IKT oppvekst følgjer opp vedtak om 1:1 innføring av læringsbrett og pc. Framdrift i samsvar med prosjektpå. Prosjektet går no meir over på bruk av IKT i undervisninga (kursing og opplæring) og meir målretta innføring i barnehagane. Utfordringa framover frå 2021 må deler av kostnadane for drift vere i budsjett for drift, og ikkje investeringsbudsjett. Det betyr prioriteringar i driftsbudsjett for 2022.

Sektoren er tilført ei ekstra løyving på 2,6 millionar til oppfølging av elevar med store hjelpebehov. Prosjekt miljørettelrarar blir følgd opp og sektoren er i gang med evaluering. I 2020 vert det ikkje nytta vedtatt løyving frå disposisjonsfond for å dekke inn miljørettelrarane i skulen, men sektoren dekte innafor eige ramme. Det klara ikkje sektoren i 2021.

Frå ansvarsområde: **Drift og utvikling unnateke sjølvkosttenestene VAR**
Resultatansvarleg: Reidun Aaker
Tertial: **1. tertial.2021**

Oppsummering

Forbruket i fyrste tertial er på 61 % prosent av budsjettet. Dette har naturleg forklaring: Grunnen til det er at det allereie er utbetalt Ål sin del av utgiftene til Hallingdal brann og redning for heile året og at Ål kommune har lagt ut for innkjøpsorsessar der andre Hallingdalskommunar skal vere med å dekke utgifter. Utgifter til vassdragsforvalting/oppfølging av EUs vassdirektiv og drift av kommunalt avløpstilsyn er ført her og vil seinare bli refundert av deltakarkommunane. Ål kommune har motteke ekstra tilskotsmidlar til fordeling som krisepakke til næringslivet.

Rekneskap (i 1000 kr) i høve til budsjett:

H	Grp Ansvar: 6 Teknisk	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter (1)	15 872 139	43 803 898	36	16 760 044	46 377 000	36
11	Kjøp av varer og tjen som inngår (2)	12 846 500	29 445 900	44	14 685 653	30 568 900	48
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	11 255 673	18 649 813	60	10 238 400	16 885 489	61
14	Overføringer (3)	6 150 013	7 118 186	86	6 890 983	10 897 043	63
15	Finansutg	0	8 395 430	0	0	8 718 000	0
	Sum utgifter	46 124 325	107 413 227	43	48 575 080	113 446 432	43
10	Løn inkl sosiale utgifter	-134 816	0	0	-520 149	0	0
16	Salgsinnt	-20 634 726	-41 597 169	50	-18 595 957	-39 124 000	48
17	Refusjoner (4)	-6 286 677	-2 727 725	230	-5 146 948	-4 844 225	106
18	Overføringer	0	-17 000	0	8 724	-17 000	-51
19	Finansinnt	0	-1 088 934	0	12 750	-2 380 000	-1
	Sum inntekter	-27 056 219	-45 430 828	60	-24 241 580	-46 365 225	52
	Sum h Grp Ansvar: 6 Teknisk	19 068 105	61 982 399	31	24 333 500	67 081 207	36

Merknader til rekneskapen:

Fotnoter:

- 1) Delar av felles stilling som innkjøpsrådsgjevar vil bli refundert då stillinga er delt med Hol kommune.
- 2) Driftstilskot til Hallingdal brann og redning er utgiftsført for heile året
- 3) Mva er ført her som blir refundert i tillegg er utbetalingar frå krisepakke næringslivet ført her og dette var ikkje budsjettert
- 4) Tilskot ekstra krisepakke til næringslivet på om lag 2,2 mill kr var ikkje budsjettert, i tillegg er mva-ref ført her

Avvik frå normal drift.

Ingen

Mål og resultat

Ingen avvik.

Oppfølging av politiske vedtak

Ingen avvik.

Frå ansvarsområde: **5000-5030 Kultursektoren**

Resultatansvarleg: Hilde L Bjørnsvik

Tertial: **1. tertial. 2020**

Oppsummering

Smitteverntiltak i samband med Covid -19 har ramma kulturlivet hardt, med avlysingar og utsetjingar av arrangement.

Rekneskap (i 1000 kr) i høve til budsjett:

H	Grp Ansvar: 5 Kultur	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter	3 098 841	10 167 000	30	3 324 150	10 397 000	32
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	1 001 806	3 886 000	26	2 003 292	3 286 000	61
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	0	24 000	0	0	24 000	0
14	Overføringer	1 818 525	1 994 000	91	1 512 976	2 585 032	59
	Sum utgifter	5 919 172	16 071 000	37	6 840 417	16 292 032	42
10	Løn inkl sosiale utgifter	0	0	0	-27 199	0	0
16	Salgsinnt	-451 085	-3 519 000	13	-742 456	-3 519 000	21
17	Refusjoner	-758 385	-717 500	106	-220 251	-748 000	29
	Sum inntekter	-1 209 471	-4 236 500	29	-989 906	-4 267 000	23
	Sum h Grp Ansvar: 5 Kultur	4 709 702	11 834 500	40	5 850 511	12 025 032	49

Avvik frå normal drift

1. Overføringer- Utbetaling av årlege tilskot til lag og organisasjonar trekker opp rekneskapet i 1. tertial.
2. Ål kulturhus: Redusert billettsal og kiosksal gir salsinntekter på berre 12 % av årets budsjett. Dette er auka inntektstap grunna stenging av huset; me søker Kulturrådet om kompensasjon for desse inntektstapa.

Mål og resultat

Biblioteket har vore stengt mellom 16. mars og 11. april pga. korona-reglar i Viken. Biblioteksjefen har frå 4. mars også fungert som kulturhusleiar, og det har vore henta inn ekstrahjelp i ca. 30 % stilling for å dekke opp skrankevakter i biblioteket.

Koronaen har lagt begrensingar på arrangementa i 1. tertial, men Ål kulturhus har likevel fått gjennomført mykje. 9 av 18 arrangement i kulturhusprogrammet har blitt gjennomført på datoen dei var sett opp. Fleire arrangement har blitt avvikla to gonger same kveld for å få plass til publikum som hadde kjøpt billett. Dei fleste av arrangementa som har blitt avlyst som følge av koronaen, vil bli gjennomført seinare på våren eller til hausten. Avlysing og ombooking av arrangement har medført mykje meirarbeid.

Kinobesøket i perioden har vore lågt, berre 26 % av kinobesøket i same periode i 2019. Ål kommune har motteke støtte frå kulturrådet (kompensasjonsordning kino) på kr 110.000. Reduserte inntekter kan me truleg framleis forvente, no når me går inn i vår og sommarhalvåret.

Likevel- me ser ikkje så altfor mørkt på situasjonen- me jobbar no med å programmere hausten 2021
©! Største utfordring for kommande månader er å få publikum attende i kinosalane våre, slik at me kan oppretthalde det gode og breie kinotilbodet!

Frå ansvarsområde: **1020 Personal**
Resultatansvarleg: **Berit Albrecht**
Tertial: **1. tertial. 2021**

Oppsummering

Ål kommune har p.t. 6 lærlingar som skal ta fagprøve til våren. Vi ynskjer de å lykke til, og gleder oss over så mange nyutdanna Ålingar. For å unngå en enorm prisstigning i forsikringskostnader har kommunen byttet til forsikringsselskapet Gjensidige til 01.01.2021.

Rekneskap i høve til budsjett:

	1020 Personalsjef	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter	1 978 624	5 070 000	39	1 373 880	4 246 000	32
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	1 285 400	2 905 000	44	520 147	3 120 000	17
14	Overføringer	91 772	0	0	87 935	0	0
	Sum utgifter	3 355 797	7 975 000	42	1 981 962	7 366 000	27
10	Løn inkl sosiale utgifter	-68 541	0	0	-29 893	0	0
17	Refusjoner	-439 367	-350 000	126	-152 376	-500 000	30
19	Finansinnt	0	-396 000	0	0	-396 000	0
	Sum inntekter	-507 908	-746 000	68	-182 269	-896 000	20
	Sum ansvar: 1020 Personalsjef	2 847 888	7 229 000	39	1 799 693	6 470 000	28

Kommentar til rekneskapet

Ingen.

Avvik frå normal drift

I første tertial har vi høgre lønsutgifter for 6 lærlingar som mottar 80% løn i siste halvåret av læretida.

Disse tar fagprøve vår 2021 og vil deretter ikkje bli vidareført på ansvaret 1020. Til haust 2021 tilsetjast ein ny lærling som mottar 30% løn i første halvåret. Dette vil jamne ut overforbruket i første tertialet.

Vidare er det avvik på kjøp av tenestar. Etter bytte av forsikringsselskap er det i første tertialet blitt betalt gruppelivsforsikring på 775.000,-kr for hele året. I tillegg er kostnader for et nytt system for HMS/stoffkartoteket på 137.000,-kr blitt lagt til ansvar 1020. Også overforbruk på innkjøp av tenestar burde jamne seg ut ila året.

Mål og resultat på dei fire fokusområda

Har eget skriv på overordna fokusområder

Frå ansvarsområde: **1050 Servicetenester**
Resultatansvarleg: **Anita HN Lappegard**
Tertial: **1. tertial.2021**

Oppsummering

Avd. Servicetenester inkluderer sekretariat, servicetorg, økonomi og lønn. Avdelinga har hatt betydeleg sjukefråvær denne perioden, som har skapt ein krevjande situasjon, spesielt på avd.lønn. Noko tilkallingsvikarar har vorte nytta. Klargjering og ulike førebuingar til det nye sak-arkivsystem; Elements, som kjem i slutten av mai, har vore sær arbeidskrevjande for sekretariatet i 1.tertial. Men takket være betydeleg innsats, ser me ut til å være i rute med denne store oppgåva.

Rekneskap i høve til budsjett:

	1050 Servicetenester	Regnskap	Per.b(end)	%-	Regnskap	Per.b(end)	%-
		2 021	2 021	forbruk	2 020	2 020	forbruk
10	Løn inkl sosiale utgifter	2 310 327	7 027 000	33	2 527 534	7 087 000	36
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	383 991	1 076 000	36	334 671	1 033 000	32
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	0	412 705	0	250 000	1 651 758	15
14	Overføringer	432 610	404 430	107	426 503	409 530	104
	Sum utgifter	3 126 928	8 920 135	35	3 538 707	10 181 288	35
10	Løn inkl sosiale utgifter	-146 978	0	0	-169 752	0	0
16	Salgsinnt	-71 236	-315 000	23	-74 709	-315 000	24
17	Refusjoner	-75 253	-187 000	40	-72 788	-187 000	39
19	Finansinnt	-26 095	0	0	-22 492	0	0
	Sum inntekter	-319 561	-502 000	64	-339 740	-502 000	68
	Sum ansvar: 1050 Servicetenester	2 807 367	8 418 135	33	3 198 967	9 679 288	33

Kommentar til rekneskapet

14 Overføringer: overføringar litt høgt på grunn av årsleie IKA Kongsberg er betalt i jan. Servicetenester ligger på budsjett samla sett.

Avvik frå normal drift

Som smitteverntiltak har me hatt låst ytedør på Tingstugu denne perioden.

Oppfølging av politiske vedtak

Ingen.

Økonomirapport pr. 30.04.2021



Hallingdal barnevernteneste

Resultatansvarlig: Helene Sagabråten

Hallingdal barnevernteneste har brukt 35,34 % av det totale budsjett pr. 30.04.2021.

Kostnader på teneste 251 og 252 som heng saman med barna, vert ført direkte på kvar enkelt kommune.

Lønn til tiltakskonsulentane på 251 vert belasta kommunane etter same fordelingsnøkkel som på teneste 244.

Avvik kjem fram i kommunetabell.

Rekneskap samanlikna med budsjett - Hallingdal Barnevernteneste			
	Regnskap 30.04.2021	Budsjett 2021	Forbruk hittil i år i %
Teneste 244 - Administrasjon / fellesutg.			
Lønn inkl. sosiale utg.	5 784 475	15 865 000	*) 35,06 %
Refusjonar NAV	-222 351	0	
Driftskostnader	664 173	1 771 100	37,50 %
Inventar og utstyr	68 458	265 000	25,83 %
Leasing og kjøp av tenester	783 394	965 000	81,18 %
Advokat / psykolog	1 255 205	1 200 000	104,60 %
Kjøp frå andre kommuner - barnevernvakt	473 344	1 404 000	35,83 %
Renteutgifter o.l	0	1 000	0,00 %
Andre statstilskot	0	-779 600	0,00 %
Sum teneste 244	8 806 698	20 691 500	42,56 %
Teneste 251 - Barneverntiltak i heimen			
Lønn inkl. sosiale utg. tiltakskonsulentar	1 592 376	4 144 000	*) 45,50 %
Refusjonar NAV		0	
Andre statstilskot (tiltakskonsulentar)	0	-1 559 000	0,00 %
Kjøp av tenester "Kjør for livet"	40 030	480 000	8,34 %
Lønn inkl. sosiale utg.	316 657	2 726 118	11,62 %
Driftskostnader	50 074	367 392	13,63 %
Kjøp av tenester	111 223	463 000	24,02 %
Kjøp frå Bufetat	122 035	0	
Andre tiltak	378 898	803 490	47,16 %
Sum teneste 2511	2 611 293	7 425 000	35,17 %
*) Kostnad lønn inkl. sosiale utgifter minus refusjoner fra NAV i prosent av totalt lønnsbudsjett			
Teneste 252 – Barneverntiltak utanfor heimen			
Lønn inkl. sosiale utg.	4 431 255	11 294 863	39,23 %
Driftskostnader	1 475 308	3 828 113	38,54 %
Kjøp av tenester	36 269	230 000	15,77 %
Kjøp frå Bufetat	2 588 639	12 459 540	20,78 %
Tilsyn og andre tiltak	1 269 654	3 012 572	42,15 %
Refusjonar Bufetat og tilsynskommunar	-188 747	-1 805 088	10,46 %
Sum teneste 2521	9 612 378	29 020 000	33,12 %
TOTALT	21 030 369	57 136 500	36,81 %

Pr. 30.04.2021 har me brukt 36,81 % av budsjett - eit meirforbruk på kr. 1.985.000,-

Kommentarar til teneste 244:

Me har brukt 42,56 % av det totale budsjett på teneste 244.

- Me har tilsett konsulent i midlertidig stilling som teamleiar undersøkelse inntil ny teamleiar er på plass. Kostnadane til dette er langt høgare enn ordinær løn. Det har vore få søkjarar til stillinga, vi har no ute 3.gangs utlysning, og me har dessverre ikkje lukkast i å tilsette ny teamleiar endå. Dette er årsaka til eit meirforbruk på lønn.
- Grunna noko vakanse, stor auke i nye undersøkingar samt ein krevjande sak i rettssystemet, har me nytta konsulentar til saksbehandling. Dette er årsaken til eit meirforbruk på «leasing og kjøp av tenester»
- Me har nytta sakkyndig i fleire saker fyrste tertial. I samband med Reformen er dette ei av endringane vi ser, det vert stilt krav til «ferske» sakkyndigrapportar i rettssystemet meir enn tidligare. Ein sakkyndigrapport ligg på mellom kr 150.000 og 250.000. Totalt har me hatt ein kostnad på kr. 850 000 til sakkyndig utgreiing. Dette er ikkje budsjetttert.
- Me har ikkje mottatt budsjetttert statstilskot 1.tertial.

Kommentarar til teneste 251:

Me har brukt 35,17 % av det totale budsjett på teneste 251.

- Familieteam har hatt ei stilling for mykje i perioden 01.01.21 – 18.02.21. Dette er årsaken til eit meirforbruk på lønn.
- Me har ikkje mottatt budsjetttert statstilskot 1.tertial.
- «Kjør for Livet» har ikkje vore aktiv fyrste kvartal 2021 så her har me eit mindreforbruk.
- Me har vore inne med omfattande og kostbare hjelpetiltak i fleire familiar der dette har vore nødvendig for å unngå plassering.

Kommentarar til teneste 252:

Me har brukt 33,12 % av det totale budsjett på teneste 252.

Budsjettet vart utarbeida i juli 2020. Det er umogeleg å seie så lenge føreåt kor mange nye plasseringar og hastesaker som kjem, og kor mange saker som blir avslutta fordi barn flytter attende til biologiske foreldre. Det er store kommunevise forskjellar når det gjeld avvik på teneste 252

Refusjon frå Bufetat for 1.kvartal 2021, kr. 520.000,- er ikkje inntektsført. Dette er fakturert i mai og blir inntektsført på neste tertial.

Forventa avvik på teneste 252:

ÅL KOMMUNE: Det vil truleg bli eit mindreforbruk på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit mindreforbruk på ca. 895.000.

HOL KOMMUNE: Det vil truleg bli eit mindreforbruk på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit mindreforbruk på ca. 350.000

GOL KOMMUNE: Det vil truleg bli eit mindreforbruk på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit mindreforbruk på ca. 700.000

HEMSEDAL KOMMUNE: Det vil truleg bli eit meirforbruk både på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit meirforbruk på totalt ca. 1.700.000. Hemsedal kommune er informert om kva for ein sak dette gjeld.

NESBYEN KOMMUNE: Det vil truleg bli eit meirforbruk på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit meirforbruk på ca. 700.000



FLÅ KOMMUNE: Det vil truleg bli eit mindreforbruk på teneste 252. Slik det ser ut no vil me anslå eit mindreforbruk på ca. 1.200.000

Kommunetabell – Hallingdal barnevernteneste pr. 30.04.2021

	<i>Regnskap 30.04.21</i>	<i>Budsjett 1/3 av totalt budsjett</i>	<i>Avvik</i>
401 - Ål kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	1 705 882	1 475 500	-230 382
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	165 094	100 000	-65 094
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	368 762	232 000	-136 762
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	152 616	170 000	17 384
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	864 116	1 200 000	335 884
T o t a l t	3 256 470	3 177 500	-78 970
402 -Hol kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	1 627 347	1 413 000	-214 347
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	102 036	83 333	-18 703
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	351 784	222 000	-129 784
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	169 969	286 667	116 698
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	1 124 833	1 316 667	191 834
T o t a l t	3 375 969	3 321 667	-54 302
403 -Gol kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	1 701 351	1 445 667	-255 684
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	563 253	66 667	-496 586
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	367 782	227 333	-140 449
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	361 238	500 000	138 762
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	2 468 237	3 150 000	681 763
T o t a l t	5 461 861	5 389 667	-72 194
404 -Hemsedal kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	934 120	783 667	-150 453
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	34 037	50 000	15 963
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	201 929	123 333	-78 596
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	53 387	66 667	13 280
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	1 896 121	1 253 333	-642 788
T o t a l t	3 119 594	2 277 000	-842 594
405 -Nesbyen kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	1 196 912	1 047 333	-149 579
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	165 810	50 000	-115 810
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	258 737	164 667	-94 070
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	100 506	233 333	132 827
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	2 390 768	1 550 000	-840 768
T o t a l t	4 112 733	3 045 333	-1 067 400
406 -Flå kommune			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	385 881	332 000	-53 881
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	224 975	50 000	-174 975
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	83 416	52 333	-31 083
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	141 167	196 667	55 500
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	868 303	1 203 333	335 030
T o t a l t	1 703 742	1 834 333	130 591
Totalt Hallingdal barnevernteneste			
Tjeneste 244 - Fellesutgifter (adm. lønn osv.)	7 551 493	6 497 167	-1 054 326
Tjeneste 244 - Advokat / Psykolog	1 255 205	400 000	-855 205
Tjeneste 251 - Fellesutgifter (tiltakskonsulenter)	1 632 410	1 021 667	-610 743
Tjeneste 251 - Barneverntiltak i hjemmet	978 883	1 453 333	474 450
Tjeneste 252 - Barneverntiltak utenfor hjemmet	9 612 378	9 673 333	60 955

